



Austevoll sokneråd 5392 Storebø

Dato:	31.05.2017
Arkivsak	17/00004
Dokumentnummer:	17/00004-001
Arkivkode:	309
Saksbehandler:	Jan-Tørres Nordstrand

Saksnr	Sak	Møtedato
13/17	Forslag til nye reglar for val av menighetsråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøte - Høyring	08.06.2017

Saksframstilling

Framlagt: Forslag til nye regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøte.
Høyringsfrist: 14. juni 2017

Bakgrunn

Det kyrkjelege demokratiet har vore i utvikling over tid, særleg som følgje av demokratireforma som kom frå og med kyrkjevalet 2009. Kyrkjerådet sender no ut på høyring eit forslag til nye reglar ved kyrkjeval, med utgangspunkt i evalueringa av, og erfaringa frå, kyrkjevalet 2015. Dei nye reglane vil verta gjort gjeldande frå og med kyrkjevalet 2019.

Dei overordna problemstillingane er i særleg grad retta mot val av bispedømmeråd og Kyrkjemøte. Dette fordi gjedande reglar for val av bispedømmeråd og Kyrkjemøte er dei som etter Kyrkjerådet si vurdering har størst forbetningspotensiale.

Når det gjed reglane for val av sokneråd, er det berre mindre endringar og klargjeringar

Det er fleire endringsforslag å ta stilling til. Når det gjeld dei ulike alternativa viser eg til vedlagt «kortversjon» av høyringsutkastet. Her kjem kyrkjeverja si vurdering og tilråding.

Del 2.1 Direkteval eller kombinasjonsval

Vurdering:

At kvart bispedømme kan velgja mellom direkteval på medlemmer eller ei kombinasjonsløyning, der nokre av medlemmene vert valt direkte og nokre av sokneråda, verkar noko underleg. Dette innebær at det enkelte kyrkjemedlem, men også det enkelte sokneråd, har ulik innverknad på valet, alt etter kva bispedømme ein høyrer til. Ordninga bør vera lik i alle bispedømmer. At 3 av medlemmene vert valt av soknerådet (indirekte val) synest eg er ei god ordning og bør halda fram.

Tilråding:

Ordninga, slik den fungerer i dag, bør halda fram, men vera lik i alle bispedømmer.

Del 2.2 Fleirtals- og forholdstalsval

Vurdering:

Her verkar endringsforslaga rett ut underleg og rotete. Fyrst skal ein nominasjonskomite leggja fram ei liste til ein fastsett dato. Lista skal så langt råd er avspegla ulike syn i kyrkja. Så kan «særgrupper» sjekka om dei er godt nok representert og eventuelt koma med eigne lister til ein seinare frist. Til slutt kan opphaveleg liste ha supplerings-nominasjon for å koma dei nye listeframlegga i møte / oppvege mot dei. Dette er ikkje noko god ordning. Den er tidkrevande og kan lett føra til uønska stridigheter og motsentnader, som igjen kan føra til eit negativt fokus på kyrkjevalet.

Tilråding:

Alle bør ha same frist for levering av lister. Dei ansvarlege for listene (tillitsvalde for lista) får ein frist etter innlevering til saman å vurdera om det er mogeleg å samla seg om ei liste, og har



fullmakt til å gjera naudsynte endringar.

Blir ein ikkje samde om felles liste, vert valet halde som forholdstalsval, med dei lister som er komen inn.

Del 2.4 Personvernreglar – Personstemmer og strykingar

Vurdering:

Det må vera eit mål å ha reglar som ikkje gjev grupper/geografiske områder høve til aksjonar. Kyrkjerådet tilrår difor å begrensinga tilleggstrøyster til 3, som ved sist val. Vidare at det ikkje er høve til å stryka kandidatar. Dette er bra.

I det fyrste alternativet vert det stilt krav om at ein kandidat må oppnå eit personleg stemmetal på minst 8% av lista sitt samla stemmetal, før ein kan flyttast opp på lista. Ein bør også vidareføra ordninga frå sist val der det ikkje var høve til å førehandskomulera personar på lista.

Tilråding:

Vidareføra ordninga med tilleggstrøyster, avgrensa til 3.

Ha ei sperregrense for personval på 8%, lik den som er til fylkestinget.

Vidareføra ordninga med at det ikkje er høve til å førehandskomulera kandidatar og heller ikkje stryka kandidatar.

Del 2.5 Valkrinsar

Vurdering:

Å tillata røysting på valdagen i andre sokn enn det ein høyrer til i vil føra til eit betydeleg ekstraarbeid. Det vil også lett kunna oppstå forvirring og misstydingar i eit vallokale med fleire røystesetlar. For Austevoll «fellesrådsområde» med berre eit sokn, vil det ikkje ha noko å bety, men for fellesrådsområder med mange sokn vil dette bli ei betydeleg utfordring, og mykje logistikk i etterkant av valet. Det må vera ei fullgod ordning at det er høve til å førehandsrøysta.

Tilråding:

På valdagen er det berre høve til å røysta i det soknet ein høyrer til.

Del 3.2 Stemmerett og manntal

Vurdering:

Høyringa reiser spørsmål om å innføra ein skjæringsdato for manntalet til 30.juni, som for andre val. Det vil gje meir oversiktelege og rett lister på valdagen, men også i større grad kunna gjera at folk kan sjekka om dei står som medlemmer i rett sokn.

Når det gjeld manntal for leke tilsette bør ein kanskje vurderer å endra grensa frå 15 timar til 20% stilling (ein arbeidsdag i veka). Me har mange små stillingar i kyrkje, dugande folk, som også bør vera valgbare som leke tilsette.

Tilråding:

Austevoll sokneråd søttar framlegget om skjæringsdato 30 juni på manntalet.

Vidare bør det vurderast eit krav om 20% stilling (ein arbeidsdag i veka) for å kunna stå i manntalet for lek tilsette, og såleis vera valgbare som lek tilsett.

Forslag til vedtak

Del 2.1 Direkteval eller kombinasjonsval

Ordninga, slik den fungerer i dag, bør halda fram, men vera lik i alle bispedømmer.

Del 2.2 Fleirtals- og forholdstalsval

Alle bør ha same frist for levering av lister. Dei ansvarlege for listene (tillitsvalde for lista) får ein frist etter innlevering til saman å vurderer om det er mogeleg å samla seg om ei liste, og har fullmakt til å gjera naudsynte endringar.

Blir ein ikkje samde om felles liste, vert valet halde som forholdstalsval, med dei lister som er komen inn.



Del 2.4 Personvernreglar – Personstemmer og strykingar

Vidareføra ordninga med tilleggsrøyster, avgrensa til 3.

Ha ei sperregrense for personval på 8%, lik den som er til fylkestinget.

Vidareføra ordninga med at det ikkje er høve til å førehandskomulera kandidatar og heller ikkje stryka kandidatar.

Del 2.5 Valkrinsar

På valdagen er det berre høve til å røysta i det soknet ein høyrer til.

Del 3.2 Stemmerett og manntal

Austevoll sokneråd søttar framlegget om skjæringsdato 30 juni på manntalet.

Vidare bør det vurderast eit krav om 20% stilling (ein arbeidsdag i veka) for å kunna stå i manntalet for lek tilsette, og såleis vera valgbar som lek tilsett.

Møtebehandling

Vedtak

Samrøytes som tilråding